

# Årsplan for 2026/2027

## Bokn barnehage



vivo X50 Pro 5G  
Mar 07, 2022, 07:29

Barnehagen sin årsplan .....	3
Vår barnehage .....	3
Presentasjon av barnehagen.....	3
Feller verdier, retning og fokus .....	3
Bokn barnehagens verdigrunnlag .....	4
Barnehagen sitt formål og innhold .....	4
Omsorg .....	4
Danning.....	7
Læring .....	7
Vennskap og fellesskap .....	8
Kommunikasjon og språk.....	9
Oppvekstplan for Bokn .....	9
Hovudsatsingsområde .....	10
Leik, inkludering og medverknad .....	11
Natur og miljø .....	11
Språk og leseglede .....	12
Tilvenning og overgangar .....	13
Ny i barnehagen.....	13
Overgangar internt i barnehagen:.....	13
Overgangar frå barnehage til skule/SFO .....	13
Kompetanseutvikling.....	14
Samarbeid.....	15
Foreldresamarbeid .....	15
Teieplikt, opplysningsplikt og politiattest. ....	16
Barnehagen sine fagområde .....	16
Planlegging, vurdering og dokumentasjon .....	17
Vurdering .....	18
Vedlegg:	
Barnehagen sitt årshjul for barnehageåret 2026-2027	

## Barnehagen sin årsplan

Årsplanen er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen. Årsplanen kan gi informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndigheitsnivåa, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte (Rammeplanen,2017).

## Vår barnehage

### Presentasjon av barnehagen

Barnehagen opna 1978, og er ein kommunal barnehage som er eigd av Bokn kommune. Barnehagen er open frå kl. 07.00 til 16.30.

Barnehagen ligg plassert i Føresvik, tett på andre kommunale einingar i Bokn kommune. Me er plassert med kort avstand frå ulike turområde, biblioteket, nærmiljøanlegget ved Boknasundet, idrettshallen Bokn Arena, dagsturhytta i Kongshamn og klatreparken i Føresvik. Desse områdar nyttar barnehagen jamleg i sine aktivitetar.

Dette barnehageåret er me 14 tilsette inkludert styrar i ulik stillingsstorleik, og ligg over nasjonal bemanningsnorm og nasjonal pedagognorm i grunnbemanninga. Våre politkarar gav oss ein ekstra stilling for å auka bemanninga.

Barnehagen er ein avdelingsbarnehage med tre avdelingar. Dette året er dei organisert slik

- Småttroll for barn i alderen 1 – 2 år
- Bjørnane for barn i alderen 2-4 år
- Bokn Bruse for barn i alderen 4-6 år.

## Feller verdiar, retning og fokus

Kvardagsglede ute og inne.

**SAMAN VIL ME SKAPA EIN KVAR DAG I BARNEHAGEN DER ALLE KJENNER AT DEI EIG DEN SAME VISJONEN OG UTVIKLAR GODE RELASJONAR MELLOM BORN OG VAKSNE OG OSS VAKSNE I MELLOM, SLIK AT KVART BORN DAGLEG GÅR UT PORTEN LITT STØRRE ENN DÅ DEI KOM INN**

## Bokn barnehagens verdigrunnlag

“Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng.” (Rammeplanen,2017)

Vår oppvekstplanen byggjer på følgande:

- Tidleg innsats i alle aldrar
- Læring og utvikling tilpassa bornet - god rettleiing gjennom støtteapparat, barnehage og skule.
- Samhandling rundt barn og unge og mellom dei unge
- Aktive born

## Barnehagen sitt formål og innhald

“Barnehagens innhald skal være allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfolde skaparglede, undring og utforskartrøng. Arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk skal sjåast i samanheng og samla bidra til barns allsidige utvikling”. (Rammeplan for barnehage)

Det vil vera fem pillarar for vårt arbeid.

Omsorg, leik, danning, læring, kommunikasjon og språk.

### Omsorg

Omsorg er ein føresetnad for barn si tryggleik og trivsel, og for utvikling av empati og medkjensle. Barnehagen skal gi barn moglegheit til å utvikle tillit til seg sjølv og andre. I barnehagen skal alle barn oppleve å bli sett, forstått, respektert og får den hjelp og støtte dei har behov for.

Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barn-barn og barn-voksen. Dette er grunnlag for trivsel, glede og meistring. Me i Bokn barnehage skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer borna til mottakar av omsorg, men som også verdsette bornas eigne omsorgshandlingar. (KD 2017).

Me i Bokn barnehage ynskjer at personalet skal vise omsorg i alle situasjonar, slik at borna opplev at dei er verdifulle og blir sett. Personalet skal vera lydhøyre for borna sine uttrykk, støtte deira behov og hjelpe dem med å regulere sine kjensler.

Gjennom arbeid med omsorg skal borna få moglegheit til å utvikle empati ved å få omsorg, og ved å lære å vise omsorg for andre barn. Omsorg handlar om tryggleik, ein trygg base der dei kan utforske og søke tilbake til ved behov (tryggleiksirkelen).

Det skal vera forutsigbart med gode rutinar som gir borna ro til å utforske og lære i eit trygt og godt barnehagemiljø.

Omsorg handlar om tillit, sjølvstendigheit og meistring. Borna skal få oppleve og byggje trygge relasjonar med vaksne og born som fremjar sosial kompetanse. Når borna opplever tillit, tør dei å utforske, delta i leik/aktivitet og kan oppleve å meistre nye utfordringar.



## Leik

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og leikens eigenverdi skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og borna si eigen kultur.

Leiken skal vera ein arena for borna si utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for forskjellige typar leik både inne og ute. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik aleine og saman med andre. (KD 2017)

Difor er det særst viktig for oss i Bokn barnehage å organisere rom og leikemateriale som kan vera til inspirasjon for forskjellige typar leik både inne og ute og på tur. Noko som kan bidra til at borna opplever felles leikeerfaringar og dermed eit grunnlag for vidare utvikling av sosial kompetanse.

Me i Bokn barnehage ynskjer å fremje eit inkluderande leikemiljø der alle born kan delta i leiken, og erfare glede i leiken.

Gjennom aktivt observere, analysere, støtte og delta i leiken på borna sine premisser. Me i personalet er opptatt av å ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken. Viktigheitene av kva barnehagen har å by på av moglegheiter for leik, aktivitet, erfaringar og kroppsleg utfolding er stor.

I leiken både ute, inne og på tur er det difor viktig at borna skal få eit variert tilbod gjennom varierte bruk av materialar gjennom alle årstider, forskjellig utstyr og tema, bruk av naturen, og tilpassast etter alder og behov.



## Danning

Bokn Barnehage ser på danning som ein kompleks og livslang prosess som skjer i samspel med andre. Danning er eit omgrep som favnar meir enn oppdraging og utdanning. Det er ein prosess der barna utviklar evne til å tenke sjølvstendig, reflektere over eigen veremåte og er nysgjerrig på verda omkring seg.

Vår jobb er å skapa ein trygg, god og inkluderande sosial plattform for at våre barn skal bli trygge på seg sjølv, delta i å ta avgjerder og utvikle seg mot å forstå felles verdiar og normer me har i samfunnet.

For å oppnå dette arbeidar me som personell med å utfordre barna til å reflektere, stille spørsmål og vurdere ulike situasjonar.

Me arbeidar kontinuerleg for å utvikle sosial kompetanse, lære barna om korleis me tar vare på oss sjølv og står opp for seg sjølv og sine meiningar, samt å delta i fellesskapet.

## Læring

Læring skjer i alle situasjonar i barnehagekvardagen; gjennom leik, meistring, opplevingar og erfaringar.

Me som personell er bevisst på dette og har i kvar og ein relasjon tru på barnet, ut frå barnets eigne forutsetningar. Me er tett på, oppteken av å lytte til barnet og responderer på kva barnet er oppteken av.

Dette gir oss eit grunnlag for refleksjon og diskusjon om kva me skal planlegge av pedagogisk innhald i barnehagekvardagen, med utgangspunkt i kva barna er oppteken av. Ved å ta utgangspunkt i barnas interesse klarer me å legge tilrette for læring på barnets premisser.

For oss er det viktig at barna får delta aktivt med heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane. Me er bevisst på å skape eit læringsmiljø som tek barns leik og læring på alvor, samt gje dei varierte utfordringar og meistringsopplevingar.



## Vennskap og fellesskap

I vår barnehagen skal me aktivt leggja tilrette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Utvikling av gode sosiale ferdigheitar, empati og vennskap er viktig for å kunne utvikle et godt sjølvbilde. Gode relasjonar vil igjen få betydning for trivsel, utvikling og læring.

Me skal støtta barnas sjølvfølelse, samstundes som dei skal få hjelp til å meistre balansen mellom det å ivareta egne behov og det å ta hensyn til andres behov.

Me skal leggje tilrette for inkludering ved å skape felles opplevingar og gode relasjonar.

Me delar inn i mindre leikegrupper for å hjelpe barna i å utvikle deiras sosiale ferdigheiter og evne til å samarbeide med andre.

Me er tilstedeværande og observante vaksen som forebygger, avdekka og følger opp mobbing og krenkelsar.



## Kommunikasjon og språk

Den aller viktigaste arenaen for språkutvikling er kvardagssamtalen. Gjennom heile dagen set personalet ord på det som skjer, det me ser og opplever i lag med barna. Slik som ved måltidet, under påkledning, leik eller i organiserte aktivitetar. Ved å la barnet delta i samtalen, får dei utvikla både ordforråd og begrepsforståelse. Me kan gjenta og bekrefte deira ord, og me utvider språket med nye ord. Barnehagen har faste lesegrupper og turar til biblioteket, og legg tilrette for mykje fri leik ute og inne.

Det å forstå innhald og meining i et ord er heilt avgjerande for å oppfatte det som vert sagt, for å formidle tankar og meiningar og hugse nye ord. Erfaringar med å sette ord på det man ser og høyrer her og nå, og etterkvart også det man har i tankane utgjør ein sentral del av barnas språkutvikling.

Bokn kommune har vedteke oppvekstplan for 2025-2031

## Oppvekstplan for Bokn

Bokn har som mål å skapa eit trygt og inkluderande samfunn, som er med på å bygge opp robuste samfunnsborgarar, slik at det er kjekt å koma attende til Bokn.

### STRATEGIAR

1. "Laget rundt barnet" ein raud tråd  
Tidlig innsats og inkludering, godt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage/skole og foreldre.
2. Ein god skule og barnehage for få god læring og godt miljø.
3. Legge til rette for eit godt kulturliv, gode fritidstilbod og eit godt samarbeid med og mellom frivilligheita.
4. Fremme god psykisk og fysisk helse for born og vaksne, utvikla robuste born.



[https://www.bokn.kommune.no/f/i915f7b53-73b0-45de-ba0a-95251a08e758/oppvekstplan\\_bokn\\_kommune\\_2025\\_2031.pdf](https://www.bokn.kommune.no/f/i915f7b53-73b0-45de-ba0a-95251a08e758/oppvekstplan_bokn_kommune_2025_2031.pdf)

Den strategien som blir viktigast for oss er at me skal ha:

Ein god skule og barnehage for få god læring og godt miljø.

Alle barn fortener ein god start. Barn og unge skal oppleve å læra, leika, utvikla seg og å meistra. Trygge rammer er viktige; trygge barn som trivst, lærer betre.

I Bokn kommune skal me ha barnehage og skule som gjev høve til god utvikling for alle barn og unge - uavhengig av sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske skilnader. Det krev inkluderande fellesskap og tidleg innsats.

Barn og unge skal møta tydelege forventningar og få hjelp til å takla både medgang og motgang i oppveksten. Dei må ha vaksne rundt seg som gjev støtte og omsorg, anten dei må ha hjelp til å finna seg ein ven, delta i leik eller læra seg å lesa, skriva og rekna og forstå samfunnet me lever i.

Barn og elevar får det beste grunnlaget for å utvikla seg sosialt og fagleg viss dei opplever at dei er ein verdifull del av fellesskapet og blir godtekne som dei er. Dei skal føla at dei høyrer heime i samfunnet.

Me vil:

- Arbeida med trygt og godt miljø
- La borna læra om relasjonar, kjensler og kva det tyder å høyra til.
- Arbeida med tidleg innsats i alle aldrar
- Utvikle systematikk i korleis me følgjer opp borna internt og på tvers og i overgangar
- Satsa på språkutvikling og lesing
- La borna leika meir ute og inne
- La born og unge få utfolde seg meir praktisk
- Samarbeida tett med foreldre og born
- At våre tilsette skal ha høg kompetanse

## Hovudsatsingsområde

Ut frå kommunen sin oppvekstplan, rammeplan for barnehage og gode prosessar i kollegiet har me valt ut to områder å arbeida med dei neste to åra.

Trygg i barnehagen

Trygge felles verdiar og rammer  
Relasjonane  
Samtalar om kjensler, vener og tryggleik

### *Aktiv i barnehagen*

Me brukar naturen og nærmiljøet  
Me leikar ute og inne  
Me lese, syng og dramatiserar



### Leik, inkludering og medverknad

Leik for å skape inkludering og medverknad.

Me arbeider med å skapa ein robusthet i borna slik at me fremjer utforskarglede.

Det er viktig for oss å vektleggja kvardagsamtalan for å fremje språket, fordi me trur språket knyttar oss saman i leik og relasjonar.

Leiken er vår grunnstein for alt arbeid og utvikling.

Me brukar ute og inneområdet som den tredje pedagog .

Dermed veit me at me vaksne er gode rollemodellar. Me ynskjar å utvikla oss saman til å ha felles språk, haldningar og framferd. Me står saman om ein felles pedagogisk plattform.

- I samarbeid med HVL som ein partnerbarnehage over to år vil me arbeida saman om dette.
- Me vil lære oss SMART verktøy for å endre kommunikasjon, tankesett og språk.
- Me arbeidar i personalet med tryggleikssirkel, robuste born og kjærleg grensesetting. Me ynskjar å ha dialog med foreldre om dette og lære saman med dei.

### Natur og miljø

Å nytte naturen i løpet av alle årstider gjer at borna får bli kjend med naturen, blir trygg på å ferdast i naturen, og får erfare naturen sine ulike årstider. Erfaringar viser at barn som ferdast ofte i naturen blir opptekne av å ta vare på naturen, og på det som lever og bur der. Naturen er og ein arena der barn kan utfolde seg fysisk i eit naturleg miljø som innbyr til fysisk aktivitet, utforskning og utprøving.



"Kroppsklok" er et uttrykk som kan brukast om den kroppslege/kinestetiske intelligensen. Denne intelligensen handlar om evna til å bruke kroppen på en koordinert og uttrykksfull måte, og å ha god kropps kontroll.

Naturen blir med det ein god plass for å utvikle eit positivt sjølvbilde knytt til både meistring i motoriske og fysiske utfordringar, men og i forhold til å utvikle kunnskap om natur og miljø.

- Me har som mål å være på tur kvar veke.
- Me ferdast oftast ute i naturen når me er på tur, og barnehagen har fleire turmål som me vekslar på å gå til.
- Turmålet blir planlagt ut frå pedagogisk formål og tema i den aktuelle perioden.
- Turen blir og lagt opp ut frå borna sin alder (avdelingsvis), men og nokre gonger på tvers av avdelingane.

## Språk og leseglede

*“Å gi tilgang til språket er ei av våre viktigaste oppgåver -det har betydning for heile livet”.*

Å leggje tilrette for eit rikt og stimulerande språkmiljø, og støtte barns språklæring, er ein av barnehagens kjerneoppgåver. Utvikling av språk skjer i småbarnsalderen, og barna lærer gjennom å vere språkleg aktiv i situasjonar som gir meining for dei, i ein naturleg og meiningsfull kontekst med varierte tilnærmingar.

I Bokn barnehage skal alle barn bli inkludert i språkstimulerande aktivitetar. Når me jobber systematisk med å lese for alle, så vil me fange opp dei barna som ikkje alltid har ro og tid til å sette seg ned med ei bok. Kanskje er det akkurat dei som treng lesestunda mest.

Me vil at alle skal bli glad i bøker og utvikle leseglede. Me tilbyr et mangfald av bøker inne på avdelingane, og me tar med oss kassar med bøker ut til å lese i utetida.

- Dei to eldste avdelingane går på biblioteket der barna får låne bøker dei likar, noko som og gjerne motiverer til leseglede.
- Me har som mål at alle barna skal bli lest for kvar dag. Det kan være individuelt eller i gruppe.
- Alle avdelingane våre samlar barna til samlingstund, der me kan snakke ilag om forskjellige tema.
- I tillegg vektlegg me song, musikk, rim og regler i samlingstunda.

## Tilvenning og overgangar

### Ny i barnehagen

Me i Bokn Barnehage gler oss for kvart barn som startar sjå oss og er oppteken av å ta i mot de som familie på ein god måte.

Bokn Barnehage har 5 tilvenningsdagar, med grobunn i Jåttåmodellen. Her er de som foreldre aktivt med som ein trygg base for barna, der me som personell blir kjent med barnet saman med de som foreldre.

Alle tilsette i Bokn Barnehage har stort fokus på at eit tett foreldresamarbeid er til det beste for barns utvikling.

- De vil få tilsendt eit velkomstbrev i forkant av oppstartsdato, samt at de vil få tilbod om besøksdagar.
- For dei yngste som begynn sjå oss tilbyr me eit foreldremøte med pedagogisk leiar, der ein får informasjon om rutiner, oppstart, kommunikasjonsplattform og pedagogisk grunnsyn.
- Me tilbyr oppstartssamtale i løpet av tilvenningsperioden. Dette er ein bli kjent samtale saman med pedagogisk leiar.

### Overgangar internt i barnehagen:

Målet er at barna får ein trygg overgang der barnet gradvis blir kjend med ny avdeling og vaksne.

- Gradvis tilvenning.
- Trygghetsfokusert forbereding.
- Kjende vaksne er med på besøksdagane.
- Leikegrupper saman med barna på ny avdeling .
- God dialog med foreldre. Informera om avdelingsbytte i samtalar og på månadsplanar.

### Overgangar frå barnehage til skule/SFO

Barnehagen skal i følgje Rammeplanen (KD 2017) ha eit samarbeid med føresette og skulen. Slik at borna kan få ein trygg og god overgang mellom barnehage og skule/SFO. Dei eldste borna (førskulegruppa) skal få moglegheit til å glede seg til å byrje på skulen, og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehage og skule. Me er så heldig at barnehage og skule ligg i nærleik til kvarandre og det er kort avstand, noko som me ser på som positivt her i Bokn kommune. Barnehagen skal bidra til at borna kan avslutte barnehagetida på ein god måte, og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner. Førskuleborna skal bli betre kjend med kva som skjer i skulen og SFO.

For å trygge førskuleborna gjennom det siste året deira i barnehagen, har me difor tett samarbeid med skule/SFO og laga ein overgangsplan som me følgjer.

- Allereie i August startar førskulegruppa opp i barnehagen, og her får dei vera med på pedagogiske aktivitetar som gir dei erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og motivasjon for å byrje på skulen.
- I løpet av hausten er det eit foreldremøte for alle foreldre. Her vil det vera informasjon frå pedagogisk leiar som har ansvar for førskulegruppa. Kor ein opplyser om kva som leggst vekt på i førskuletimane. Kva for mål ein har for samarbeide med skulen.
- Førskulegruppa har egne faddere som skal vera ein ekstra tryggleik for dei når dei byrjar på skulen. Det er difor satt opp fleire fadderbesøk i løpet av barnehageåret.
- I løpet av våren er det også fokus på leik og aktivitetar mellom 1. klasse og førskulegruppa: Til dømes leik i skulegarden, tur til Kongsbu, leik i barnehagen med meir. I løpet av våren vil det bli oftare besøk bort til SFO for å leike ute og inne.
- I April vil det vera innskriving på skulen, og fadderbesøk.
- Det vil også vera overføringssamtalar mellom kontaktlærer og pedagogisk leiar før dei startar på skulen, der føresette godkjenner samtalan i forkant.

[https://www.bokn.kommune.no/f/iad193465-4856-407e-8c01-88b220225ecc/overgang-barnehage-skule-2025\\_2026.pdf](https://www.bokn.kommune.no/f/iad193465-4856-407e-8c01-88b220225ecc/overgang-barnehage-skule-2025_2026.pdf)

## Kompetanseutvikling

Bokn barnehage har jobba mykje med barnehagebasert kompetanseutvikling. Vi fortset å samarbeide med Karmøy barnehagane og Høgskulen på Vestlandet.

Bokn barnehage skal nå inngå i eit partnerskap med Høgskulen på Vestlandet (HVL) 2025-2027 (2028). Samarbeidet skal bidra til å støtte barnehagebasert kompetanseutvikling ut frå lokalebehov og støtte barnehagens arbeid med å oppfylle krav og forventningar i Rammeplanen barnehagens innhald og oppgåver i tråd med nasjonale føringar. PPT inngår også i partnerskapsavtalen.

Tema: Leik, inkludering og medverknad.

Vi skal vera med i Lærande nettverk i samarbeid med Karmøy barnehagane.

Vi har personale som er i ulike utdanningsløp;

Vi har 2 frå personale som skal ta fagbrev i Barne- og Ungdomsarbeid. Samt ein tilsett skal ta barnehagelærer utdanning (ABLU)

I ny strategi for kompetanseutvikling frå sentralt hald er heilskap og samanheng viktig.

Me ynskjer å binda desse satsingane på utvikling og kompetanse saman.

Dette kan me gjera gjennom at dei som tek utdanning kan arbeida med prosjektoppgåver knytt til barnehagen.

Bokn kommune har to prosjekt der barnehagen arbeidar saman med skulen.

Foreldrestøttande arbeid for meir robuste born.

Lese og språkutvikling, utvikling av felles plan barnehage og skule.

## Samarbeid

Barnehagen har mange samarbeidspartnarar både internt og eksternt – som pedagogisk psykologisk teneste (PPT), barneverntenesta og helsestasjonstenesta. Her kan barnehagen hente hjelp og støtte, eller få innspel til sitt arbeid når det er behov for det.

Barnehagen skal samarbeide med foreldre både individuelt og som gruppe. Foreldra si medverknad er nedfelt i barnehagelova, og dei skal kunne medverke gjennom foreldremøte og foreldresamtalar, foreldreråd og samarbeidsutval.

## Foreldresamarbeid

Samarbeid om det enkelte born skjer i det daglege gjennom møter og planlagde samtalar. Barnehagen gjennomfører 3-4 foreldremøte i løpet av eit barnehageår, og så får alle tilbod om å komme på ein individuell foreldresamtale på våren.

I ein travel barnehagekvardag er det ikkje alltid tilsette kan ta ein spontan samtale med føresette i ein bringe/hentesituasjon, men tilsette er tilgjengelege gjennom visma/min barnehage. Der kan ein som føresett sende ein melding til pedagogisk leiar/styrar og avtale tid for ein samtale når ein har behov for det. Ein kan ha slik samtale anten på telefon eller fysisk, alt etter kva foreldra ynskjer og kva som er mest ynskjeleg i den aktuelle situasjonen.

Bokn kommune har satt i gong eit arbeid der ein ser på korleis ein kan støtte foreldre frå borna vert fødd til dei er vaksne. Foreldrestøttande arbeid er tverrfagleg og held dialogmøter og større foredrag for alle. Dialogmøta sin hensikt er at foreldre kan koma saman og snakka saman om ulike gleder og utfordringar ein har som foreldre.

## Foreldreråd og samarbeidsutvalet (SU)

Foreldrerådet består av foreldre til alle borna. Foreldrerådet skal fremme foreldre sine fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet (SU) skal være eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet skal sjå etter at barnehagen blir drevet innanfor barnehagens vedtekter, barnehagelova og behandle årsplan. Samarbeidsutvalet består av to foreldre representantar, to tilsette, barnehagestyrar og ein representant frå formannskapet. Barnehagestyrar og representant frå formannskapet møter som eigars representantar i samarbeidsutvalet. Samarbeidsutvalet tek sikte på å ha 3-4 møter i løpet av eit barnehageår.

## Teieplikt, opplysningsplikt og politiattest.

Alle som jobbar i barnehagen, er pålagt [taushetsplikt](#) og må skrive under på eit taushetsløfte i forhold til informasjon som gjeld barn, foreldre og personalet. Alle som jobbar i barnehagen, må legge fram politiattest. Barnehagen har ei lovpålagt [opplysningsplikt til barnevernet](#) som gjeld forhold dei blir kjent med der barn si helse og utvikling står i fare. Foreldre vil bli kontakta umiddelbart og involvert i saker som gjelder deira barn, med mindre det dreier seg om vald og overgrep, då har barnehagen plikt til å melde til politiet.

## Barnehagen sine fagområde

Bokn barnehage har laga ein progresjonsplan som omhandlar fagområda. Arbeidet med fagområda må tilpassa barnets alder, interesse, barnegruppas samansetning og øvrige forutsetningar. Lærestoff, arbeidsmåtar, utstyr og organisering må leggjast til rette med tanke på barnas ulike behov. Dei 7 områda som vert arbeida med:

Kommunikasjon, språk og tekst

[https://www.bokn.kommune.no/f/i6582f283-9c2c-45f8-897e-32bae388fde6/progresjon-25\\_26-kommunikasjon-sprak-og-tekst.pdf](https://www.bokn.kommune.no/f/i6582f283-9c2c-45f8-897e-32bae388fde6/progresjon-25_26-kommunikasjon-sprak-og-tekst.pdf)

Kropp, bevegelse, mat og helse

[https://www.bokn.kommune.no/f/ice64b299-cdfd-416f-96c4-dd361328004b/progresjon-kropp-25\\_26.pdf](https://www.bokn.kommune.no/f/ice64b299-cdfd-416f-96c4-dd361328004b/progresjon-kropp-25_26.pdf)



kunst, kultur og kreativitet

[https://www.bokn.kommune.no/\\_f/ifcac1e4d-13af-4086-80bd-77b65535fef6/progresjon-25\\_26-kunst-kultur-og-kreativitet.pdf](https://www.bokn.kommune.no/_f/ifcac1e4d-13af-4086-80bd-77b65535fef6/progresjon-25_26-kunst-kultur-og-kreativitet.pdf)

Natur, miljø og teknologi

[Progresjon 25\\_26 NATUR MILJØ OG TEKNIKK.docx](#)

Antall, rom og form

[https://www.bokn.kommune.no/\\_f/i1335017a-ea85-48a9-9699-a0b39354f803/progresjon-25\\_26-antall-rom-og-form.pdf](https://www.bokn.kommune.no/_f/i1335017a-ea85-48a9-9699-a0b39354f803/progresjon-25_26-antall-rom-og-form.pdf)

Etikk, religion og filosofi

[https://www.bokn.kommune.no/\\_f/i49489a39-1c0b-4704-8d5e-f33d4e2eb631/progresjon-25\\_26-etikk-relegion-og-filosofi.pdf](https://www.bokn.kommune.no/_f/i49489a39-1c0b-4704-8d5e-f33d4e2eb631/progresjon-25_26-etikk-relegion-og-filosofi.pdf)

Nærmiljø og samfunn

[https://www.bokn.kommune.no/\\_f/i0491f7f5-a9e8-488c-a090-763e28cd907c/progresjon-25\\_26-narmiljo-og-samfunn.pdf](https://www.bokn.kommune.no/_f/i0491f7f5-a9e8-488c-a090-763e28cd907c/progresjon-25_26-narmiljo-og-samfunn.pdf)

## Planlegging, vurdering og dokumentasjon

*«Barnehagen er en lærande organisasjon der hele personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillinger, oppdatere seg og være tydelege rollemodellar. De skal ivareta relasjonar, mellom barn og personale og mellom personalet og foreldre.»*  
(Rammeplan, 2017)

I vår barnehagen planleggar vi på følgende måte;

På personalmøte, avdelingsmøter og planleggingsdagar deltar *personalet aktivt i planlegging og evalueringar av ulike planer.*

Det er gjennom slike møter barnehagen synleggjer korleis vi som pedagogisk verksemd tolkar og realiserer rammeplanen.

Disse planane skal være utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemd.

Planlegginga baserer på kunnskap om barnas trivsel og allsidige utvikling, individuelt og i gruppe. Den skal basere på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtaler med barn og foreldre.

Planane blir synleggjort på følgende måte;

- månadsplan
- oppvekstplan Bokn kommune
- prosjekter

## - Saksliste - referat

Barnehagen vurderer kvardagen, organisering, grupper, enkeltbarn, medverknad, fagområde, tradisjonar, foreldresamarbeid og personalsamarbeid.

I dette arbeidet er ståstadsanalysen utarbeida av utdanningsdirektoratet et viktig utgangspunkt for refleksjon og vurdering av arbeidet vårt.

For å kunne vurdere bruker vi arenaene som personalmøte og avdelingsmøter til å vurdere disse fokusområda.

I vår barnehage blir pedagogisk dokumentasjon brukt som grunnlag for vurdering og videre planlegging. Planlegging, vurdering og pedagogisk dokumentasjon vil påverke vårt arbeid for å skape best mogleg læringsmiljø i barnehagen. Gjennom rettleiing skal personalet få økt kompetanse innafor de ulike fokusområde barnehagen. Vi nyttar oss av ståstadsanalyse, IGP metoden, dialogspill, praksisforteljingar, bildar og deltar på nettverk i regi av Karmøy kommune.

For å ivareta barns personvern må foreldra samtykke kva barn får lov til i barnehagen.

## Vurdering

Bokn barnehage arbeidar med barnehagebasert vurdering og utvikling som metode. Metoden er innøvd gjennom samarbeid med andre barnehagar og vil vere ein pågåande syklus.

Barnehagen sine arbeidsmåtar

I Bokn barnehage nyttar vi ulike arbeidsmåtar som kan vere praksisfortellingar, ulike observasjonsskjema, Trafikklyset: relasjon barn – vaksen, Bussen (relasjon barn-barn), TRAS (språk), Alle med skjema (leike kompetanse) og språkkista. SMART

Barnehagen tek utgangspunkt i borna sine erfaringar, interesse, meiningar og initiativ i det daglege arbeidet ved at:

- Alle barn og foreldre skal bli møtt kvar morgon og ettermiddag.
- Stille opne spørsmål der barna kan påverke beslutningar.
- Tar hensyn til barnas interesse og forslag.
- Banking time.

Målet i Bokn barnehage er at alle barna skal oppleve å bli sett, høyrd og tatt på alvor ut frå egne forutsetningar.



For å gjennomføre det må vi:

- Sjå kvart enkelt barn og gi det anerkjenning for egne tankar og meningar.
- Ta barna med i planlegginga.
- Fremje positive handlingar som verkar mot avvising, mobbing og vald.
- Tilrettelegging for godt foreldresamarbeid.
- Tilsette skal ivareta barna, skape inkluderande miljø og arbeide for at dagens barnehagebarn verken opplever å bli krenka eller kjem til å krenke andre i morgon.

Barnehagen legg til rette for at barn kan utforske, leike og lære ved bruk av digitale verkøy ved bruk av Salaby og Ipad.

## Barnehagen sitt årshjul for året 2026 /2027

Sjå vedlegg